



Arkivsaknr: 2024/7381-11
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Kvalheim Fritidsenter AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Kvalheim Fritidsenter AS org.nr 979108036 fornya skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i lokale til Kapteinen Bar & Restaurant Marøyvegen 160, 5937 Bøvågen frå 01.10.24 – 30.09.28.

Ann- Sophie Lindahl er styrar for skjenkeløyve og Atle Sundal er avløysar.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 alle dagar frå kl.12.00 til kl. 01.00. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 alle dagar frå kl 13.00 til kl. 01.00.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Kvalheim Fritidsenter AS har i søknad datert 18.06.24 søkt om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 i tidsrommet 01.10.24 til 30.09.28. Det er søkt skjenkeløyvet på 200 kvm skjenkeareal innandørs med 90 sittjeplassar i Marøyvegen 160, 5937 Bøvågen. Ann- Sophie Lindahl er styrar for skjenkeløyvet og Atle Sundal er avløysar.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkoholova § 1- 6). Søknaden har vore til uttale hjå politi, NAV og skatteetaten som ikkje har merknader til fonying av løyvet. Styrar for skjenkeløyvet Ann- Sophie Lindahl og avløysar Atle Sundal har bestått kunnskapsprøven samsvar med Alkoholova § 1-7 c.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.